

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

HG-NYTT

Nr.29 April 2014

Red.: Nils Bjørn Vistad

Betre bruk av fiskeressursene

Frå tidlegare mangeårig styremedlem i HG, Emil Steira i Dagali, har vi fått eit innspel om å vera meir aktiv i høve bruk av innlandsfiskeressursane på Hardangervidda. I 1999 gjennomførde HG ei ressursanalyse (fisket inklusive) som mellom anna viste store unytta volum. Samstundes blir det peika på at det både er ein rimeleg god marknad/gode prisar for foredla vare og enklare regelverk enn før (jfr. Mattilsynet).

Med dette bakbildet meiner Steira at tida bør vera mogen for eit sterkare fokus. Konkret gjer han framlegg om å skipa til ein fagdag eller fagsamling over 1 – 2 dagar, for interesserte medlemmer og einskildeigerar til fiskeressurser på Vidda. Om dette skal bli ein rein teoridag innomhus eller koblast opp mot praktisk redskapsbruk ute m.v., lyt ein i så fall koma attende til.

For snart 5 år sidan gjennomførde Norsk Innlandsfiskelag (NIL) noko tilsvarande, basert på frammøte på Halne, storrusefiske i Øvre Hein og overnatting på Heinseter. Nå har NIL gått inn i organisasjonen «Hanan», og HG har sendt ein førespurnad dit, om dette kan vera noko å arbeide saman om. Hanan er som kjent ein næringsorganisasjon for bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske, og har mange aktive næringsfiskerar i medlemsrekkene sine.

Avgjerande for HG, vil vera om våre medlemmer er interessert! Ein ber difor om at slik interesse blir meldt attende til sekretær eller styremedlemmer, på heilt uforpliktande grunnlag. Om ein skal få til noko i år, vil truleg medio august kunne høve, men då må vi ha rask respons!

Styremøte 28.03.14

Som vanleg eit kort styremøte før årsmøtet, med desse sakene: Avtale om sekretariatshald. Komande årsmøteopplegg og saker. Større fokus på fiskeressursane. Uttale om Isdal kraftverk. Lokal forvaltning. Protokoll er sendt alle medlemmer m.fl.

Årsmøtet på Skinnarbu 28.03.14

HG heldt sitt årsmøte på Skinnarbu Høgfjellshotell, Tinn, i sitt 39.driftsår. Det var eit roleg møte, men ein kunne gjerne at fleire medlemmer som deltakerar. Ein blir ikkje nett nedrent, heller ikkje frå næraste grannelag, sjølv med optimale veirtilhøve.

Johan Vaa vart attvald som leiar, saman med dei fleste andre på valg. Frå Odda vart Bergfinn Kvalnes erstatta av Torgils Eide. Styre og vara ser nå slik ut:

Vinje: Johan Vaa (Henning Ø. Poulsson), Hol: Stein Verpe, nestleiar (Tor Martin Øyo), Eidfjord: Anve K. Myklatun (Gunnar Legreid), Nore og Uvdal: Odd Gunnar Vikan (Hans Wilhelm Ro), Ullensvang: Per Helge Sekse (Halvard Alvavoll), Odda: Torgils Eide (Knut Berge) og Tinn: Robert Pedersen (Nils Kvåle).

Kvota 2014

Laurdag vart som vanleg nytta til fagdag for alle aktuelle organ og medlemmer på Hardangervidda. Kvota komande haust var som venta tema, sjølv om dei store føringane var lagt frå før.

Med ei forventa kalvetilvekst på 2600, ein simlebestand på 47 %, irregulær avgang på om lag 450 dyr, ynskt jaktuttak på 2100 – 2700 dyr og forventa jakteffekt (fellingsprosent) på maksimum 30 %, kan ein rekne seg fram til høveleg kvote. Det ligg og ei sterkt føring i *hovudmålet om redusert kalvetilvekst i 2015*. Jaktuttaket må makte dette!

Med eit fellingsresultat på 2100 – 2700 dyr og ei samla kvote på 9000 kort, vil ulike fellingsprosentar gje dette resultatet:

20 % felling	1800 felte dyr
25 % «	2250 «
30 % «	2700 «
35 % «	3150 «

Kvota er satt til 9000 kort i 2014, med 15 % frie, 75 % simle/ungdyr og 10 % kalv. Høyringa viste at dei fleste aksepterte denne kvota og kvotesammensetninga.

Fjellrev

Petter Braathen, Statens naturoppsyn (SNO) heldt ei god orientering om det utsettingsarbeid som pågår med omsyn til «reetablering» av fjellrev i norsk fauna. Aktuelt tema, sidan det nå også er satsa på utsetting i Songaområdet. Avlsprogrammet på Finse er motoren i arbeidet!

Fangst og jakt er opprinneleg hovudårsak til bestandsnedgang (omlag ei årsløn pr.reveskinn I 30-åra).

Nokre moment frå orienteringa:

- * Raudrev er størst konkurrent som hi- og åtselrøvar (mindre som predator på fjellrev).
- * Behov større beskatning av raudreven (skotpremie mykje brukt, m.a. i Aurland og Hol, Kr.500 – 1.000 pr. dyr).
- * Prod. årleg 40-50 kvalpar på Finse. Det er satt ut 72 stk på 4 år.
- * Konsekvent bruk av foringsautomat (24 stk), m/1700 kg for/år (hundefor, turka vom m.m.).
- * Fjellreven sterkt revirhevdande.
- * Betydeleg tap i trafikken, jfr. 3 – 4 stk i Vinje!
- * Lokal irritasjon grunna NINA-utsetting i Songaområdet utan førinformasjon (DN-ansvar).